



INNKALLING TIL MØTE I POLITISK UTVAL FOR EIGARSKAPSMODELLAR- NYE ØYGARDEN KOMMUNE

Det vert med dette kalla inn til møte nummer to i utvalet.

Tid: Onsdag 29. november 2017 kl. 09.00-11.30

Stad: Prosjektorganisasjonen/ fellesnemnda sine lokale på Skjenet 2 på Straume

Saksliste:

1. Godkjenning av innkalling saksliste, m.m.
2. Referat- og orienteringssaker
 - Munnleg orientering om innhenting av juridisk kompetanse
 - Munnleg orientering om struktur og metode for utvalet sin sluttrapport
3. Samandraging av selskapsstrukturen – ei forenkling
4. SWOT-analyse som arbeidsreiskap
5. Vidare framdrift
6. Eventuelt

Vedlegg til dette møtet:

- Referat frå møte i PUE dat 09.11.2017
- Protokoll frå møte i Fellesnemnda 20.11.17
- KS-tilrådingar om eigarstruktur (fekk kunnskap om denne frå Egil Haaland - takk)
- Saksutgreiing- samandraging av selskapsstrukturen
- Saksutgreiing SWOT-analyse som arbeidsreiskap + eit arbeidsskjema
- Forslag til innhaldsforteikning til sluttrapporten

Faste medlemmer som ikkje kan møta, sender ein e-post til underteikna slik at varafolk kan kallast inn.

Vel møtt!

Med venleg helsing
For leiar Atle Dåvøy

Jarle Kåre Oen
Prosjektmedarbeidar/ Sekretær for utvalet



Møtereferat

Møte nr. 1 i: Utval for eigarskapsmodellar	Dato: 09.11.2017	Tid: Kl. 09.00 – 12.00
Møteleiar: Atle Dåvøy	Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2	
Medlemer som møtte: 1. Atle Dåvøy 2. Kari-Anne Landro 3. Helena Morland Hansen 4. Daniel-Victor Sandvik	Forfall: Egil Haaland	
Andre: Atle Justad (vararepresentant for Egil Haaland)		
Referent: Jarle Kåre Oen		

Saksnr	Sakstittel
1/17	Velkomen ved leiar Atle Dåvøy Runde rundt bordet der den einskilde fekk presentere seg.
2/17	Godkjenning av innkalling, saksliste <u>Vedtak:</u> Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.
3/17	Konstituering av utval for eigarskapsmodellar <u>Vedtak:</u> Utvalet vart konstituert med Kari-Anne Landro som nestleiar og Jarle Kåre Oen som møtesekretær.



4/17	<p>Gjennomgang av dokumentasjon som ligg ved innkallinga</p> <p>Ved innkallinga låg eigarskapsmeldingane frå dei tre kommunane og samlerapport med vedlegg frå arbeidsgruppa som la fram sak for førebuande fellesnemnd 24. april 2017. Vidare låg protokollar frå fellesnemnda sine siste møte ved innkallinga. Det vart ein generell drøfting av eigarskapskonstellasjonane slik dei er referert i samlerapporten. Diskusjonen var m.a. innom følgjande tema der fordelar og ulemper med noverande drift vart poengtert:</p> <ul style="list-style-type: none">- Fjell bustadstifting- Fjellvar og BIR- harmonisering- Brann – og redningsetaten- Museuma i dei tre kommunane- Korleis finna dei beste fellesløysingane for den nye kommunen- M. fleire <p>Representantar frå Fjell og Sund gav gode tilbakemeldingar på sine respektive selskap innan vatn, renovasjon og avløp.</p> <p>Leiaren gjekk også nærare gjennom mandatet for utvalet. Dei ulike punkta vart drøfta og utvalet tok mandatet til etterretning.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Utvalet tek utsendte dokument inkl. mandat og oppsummeringar til orientering.</p>
5/17	<p>Arbeidet vidare</p> <p><u>Arbeidsprosess</u></p> <p>Leiar gjorde greie for korleis han tenkjer seg metodikken rundt å koma fram til gode avgjerder for eigarskapsmodellar og organisering. Avgjerder skal underbyggjast med analyser som til dømes SWOT- metodikk. Analyser og anna faktagrunnlag som avgjerdene byggjer på vert vedlegg til sluttrapporten.</p> <p><u>Møteplan</u></p> <p>Utvalet fastsette slik møteplan for eigedomsutvalet for resten av 2017 og våren 2018:</p> <p>29. november 2017 12. desember 2017 4. januar 2018 25. januar 2018</p>



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

	<p>15. februar 2018 8. mars 2018 22. mars 2018</p> <p>Møtetid: kl. 09.00 -12.00 Møtestad: Prosjektlokala i Skjenet 2</p> <p><u>Prioriterte oppgaver til neste møte</u></p> <p>Til neste møte skal utvalet sjå nærare på :</p> <ul style="list-style-type: none">- dei ulike selskapa (AS), utfordringar (juridiske) med å slå desse saman- vidare drifting av bustadstiftinga- brann- og redningstenesta <p><u>Vedtak</u></p> <p>Utvalet vedtek samrøystes arbeidsprosess, møteplan og prioriterte oppgaver.</p>
6/17	<p>Ymse</p> <p>Møteleiar og sekretær utformar ei bestilling til Deloitte AS der ein ber om ei juridisk vurdering knytt til samanslåing av aktuelle selskap og drifting av bustadstiftinga. Det vert vidare lagt opp til at møteleiar og sekretær har arbeidsmøter mellom utvalsmøta etter behov.</p> <p>Skjenet 2, - 09.11.2017</p> <p>Jarle Kåre Oen Referent</p>



Utval: Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 20.11.2017
Tid: 09:00 - 10:00

Medlemer som møtte:

Kari-Anne Landro	Leder	H
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleder	AP
Børge Haugetun	Nestleder	
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Svein Petter Bergh	Medlem	SL
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Silvia Haugland	Medlem	
Espen Harketstad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

Forfall:

Odd Bjarne Skogestad	MEDL	KRF
Jogeir Sognnæs	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Kristin Brennhaug	for Odd Bjarne Skogestad	KRF
Ørjan Telle	for Jogeir Sognnæs	AP

Andre:

Prosjektleder Paul J. Manger, informasjonsrådgjevar Vagleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

Marianne Sandahl Bjorøy

Kari- Anne Landro
underskrifter

Børge Haugetun

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 29/17	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
PS 30/17	Skriv, meldingar og orienteringar
RS 1/17	Utkast til dagsorden for møte i partssamansett utval 21.11.2017
RS 2/17	Orientering til fellesnemnda om medlemsskap i Trainee Vest
PS 31/17	Rutinar for behandling av spørsmål til fellesnemnda
PS 32/17	Møtegodtgjersle for politisk valde medlemmer i arbeidsutval
PS 33/17	Arkiv og sakssystem for prosjektorganisasjonen Nye Øygarden kommune
PS 34/17	Korleis sikre ein god samanslåingsprosess - Suksesskriterium
PS 35/17	Lokaldemokrati og identitet - oppnemning av arbeidsgruppe
PS 36/17	Ny matrikkel i Nye Øygarden kommune - oppgåver og mandat for arbeidet
PS 37/17	Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 20.november 2017
PS 38/17	Møteplan for fellesnemnda og partssamansett utval for 2018

PS 29/17 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte, 30.10.2017, vart godkjente utan merknader.

PS 30/17 Skriv, meldingar og orienteringar

Orienteringar

- Status frå prosjektleiar
- Informasjon om fellesnemnda si uttale til budsjett 2018 for dei tre kommunane v/prosjektleiar
- Orientering om Trainee Vest v/prosjektleiar (jf. referatsak)

Referatsaker

- Utkast til dagsorden for møte i partssamansett utval 21.11.17
- Medlemsskap i Trainee Vest
- Informasjon om nye kommune- og fylkesnummer frå 01.01.2020

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Orienteringar

- Informasjon frå leiar i fellesnemnda, Kari-Anne Landro;
 - Direkteoverføring av møta i fellesnemnda vil bli klart til desembermøtet.
 - Presentasjonsmal for Nye Øygarden kommune vil bli sendt ut på e-post til medlemene av fellesnemnda.
- Status frå prosjektleiar;
Prosjektleiar Paul J. Manger informerte om arbeidet sidan førre møte i fellesnemnda, som i stor grad har bestått i førebuing til dette møtet og møte i partssamansett utval. I tillegg møte med tillitsvalde, kulturleiarar, arkivleiarar, verksemda ACOS med fleire. Manger har også delteke på opplæringsdag for ungdommens kommunestyre (UKS), leiarsamling i Fjell kommune og prosjektleiarsamling for Nye kommunar i regi av KMD.
- Informasjon om fellesnemnda si uttale til budsjett 2018 for dei tre kommunane v/prosjektleiar;
Prosjektleiar Paul J. Manger viste til informasjon frå fylkesmannen om at fellesnemnda skal gje fråsegn til departementet om Fjell, Sund og Øygarden kommunar sine vedtekne årsbudsjett og økonomiplanar, med hovudvekt på planlagde investeringar. Fellesnemnda vil få saka lagt fram på møtet 22.januar, då det er frist for fråsegn innan 1.2.2018. Fellesnemnda skal gje fråsegn om kommunane sine budsjett fram til Nye Øygarden kommune er etablert. Det kom innspel frå Tom Georg Indrevik om at fellesnemnda bør få orientering om situasjonen for dei tre kommunane undervegs, noko leiar Kari-Anne Landro tok med seg.
- Orientering om Trainee Vest v/prosjektleiar (jf. referatsak);
Prosjektleiar Paul J. Manger viste til at Nye Øygarden kommune er meldt inn i Trainee Vest, Bergen Næringsråd sitt traineeprogram, og at Nye Øygarden kommune ynskjer å ta imot og følgje opp ein trainee, ein nyutdanna masterkandidat, innan feltet «Innovasjon og digitalisering».
- Orientering om møte i Utval for politisk styringsstruktur 7.november v/ leiar Marianne Sandahl Bjørøy;
Marianne Sandahl Bjørøy er valt til leiar i utval for politisk styringsstruktur. Utvalet har i sitt fyrste møte diskutert moglege justeringar i Intensjonsavtala sitt organisasjonskart, særleg med tanke på reduksjon av tal utval frå fire til tre eller to, i tillegg til formannskapet. Ernst Einarsen supplerte med at gjennomgåande representasjon i dei politiske utvala er vesentleg, og at det vil vere mogleg å auke talet på medlemmer i utvala, frå 9 til 11, dersom utvala vert redusert. Ifølgje Bjørøy vil utval for politisk styringsstruktur kome med ei innstilling til fellesnemnda om den politiske organiseringa. Utvalet sitt neste møte er onsdag 29.november.
- Orientering om møte i Utval for eigarskapsmodell 9.november v/ nestleiar Kari-Anne Landro;
Atle Dåvøy er valt til leiar i utval for eigarskapsmodell, og Kari-Anne Landro er valt til nestleiar i utvalet. Landro viste til at utvalet i sitt fyrste møte drøfta eigarskapskonstellasjonar, og fordelar og ulemper med noverande drift ved ulike selskap. Utvalet skal levere ei innstilling til fellesnemnda om eigarskapsmodellar og organisering, og neste møte er onsdag 29.november.

Referatsaker

- Utkast til dagsorden for møte i partssamansett utval 21.11.17
- Medlemsskap i Trainee Vest

- Informasjon om nye kommune- og fylkesnummer frå 01.01.2020;
Samanslåing av Fjell, Sund og Øygarden kommune får nytt kommunenummer 4626.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Orienteringar og referatsaker vart tekne til orientering.

**RS 1/17 Utkast til dagsorden for møte i partssamansett utval
21.11.2017**

Innstilling:

Referatsaka vert teken til orientering.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Referatsaka vert teken til orientering.

**RS 2/17 Orientering til fellesnemnda om medlemskap i Trainee
Vest**

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Referatsaka vert teken til orientering.

PS 31/17 Rutinar for behandling av spørsmål til fellesnemnda

Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner skisserte rutinar for behandling av spørsmål til fellesnemnda.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Fellesnemnda godkjenner skisserte rutinar for behandling av spørsmål til fellesnemnda.

PS 32/17 Møtegodtgjersle for politisk valde medlemmer i arbeidsutval

Innstilling:

1. Det vert utbetalt godtgjersle på kr. 950,- pr. møte til møtande folkevalde medlemmer i arbeidsutval nedsett av fellesnemnda.
2. Fungerande leiar for utvala får kr. 1.250,- pr. møte.
3. Tapt arbeidsforteneste for folkevalde i samband med møta vert utbetalt i samsvar med kommunane sine egne reglement.
4. Godtgjersle og tapt arbeidsforteneste skal utbetalast av den respektive kommune og dekkast av prosjektmidlane gjennom ei refusjonsordning.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

1. Det vert utbetalt godtgjersle på kr. 950,- pr. møte til møtande folkevalde medlemmer i arbeidsutval nedsett av fellesnemnda.
2. Fungerande leiar for utvala får kr. 1.250,- pr. møte.
3. Tapt arbeidsforteneste for folkevalde i samband med møta vert utbetalt i samsvar med kommunane sine egne reglement.
4. Godtgjersle og tapt arbeidsforteneste skal utbetalast av den respektive kommune og dekkast av prosjektmidlane gjennom ei refusjonsordning.

PS 33/17 Arkiv og sakssystem for prosjektorganisasjonen Nye Øygarden kommune

Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner at Fjell kommune er vertskommune for arkiv og sakssystemet som Nye Øygarden kommune skal nytte i prosjektperioden. Fjell kommune sin arkivleiar får ansvaret for prosjektorganisasjonen sitt arkiv.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Fellesnemnda godkjenner at Fjell kommune er vertskommune for arkiv og sakssystemet som Nye Øygarden kommune skal nytte i prosjektperioden. Fjell kommune sin arkivleiar får ansvaret for prosjektorganisasjonen sitt arkiv.

PS 34/17 Korleis sikre ein god samanslåingsprosess - Suksesskriterium

Innstilling:

1. Fellesnemnda tek saka til orientering.
2. Fellesnemnda har følgjande tilleggsmerknader til saka:

.....

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Fellesnemnda diskuterte saka om samanslåingsprosessen og det kom fleire signal om å få saka opp på nytt, i forenkla og skjematisk utgåve, med omskriving og konkretisering av dei einskilde punkta lista opp under suksesskriteria.

Fellesframlegg om nytt tilleggspunkt 2) v/ Kari-Anne Landro:

2. Fellesnemnda meiner at saka om suksesskriterium er eit godt utgangspunkt for samanslåingsprosessen, men ynskjer ei meir skjematisk oversikt med status for oppnådde mål og vidare arbeide og ei konkretisering av kva som ligg i dei einskilde punkta under suksesskriteria, til eit seinare møte.

Innstillinga punkt 1, med nytt tilleggspunkt 2, vart samrøystes vedteken. Prosjektleder Paul Manger viste til at saka vil kome opp igjen på ny til fellesnemnda sitt fyrste møte i januar 2018.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

1. Fellesnemnda tek saka til orientering.
2. Fellesnemnda meiner at saka om suksesskriterium er eit godt utgangspunkt for samanslåingsprosessen, men ynskjer ei meir skjematisk oversikt med status for oppnådde mål og vidare arbeide og ei konkretisering av kva som ligg i dei einskilde punkta under suksesskriteria, til eit seinare møte.

PS 35/17 Lokaldemokrati og identitet - oppnemning av arbeidsgruppe

Innstilling:

Fellesnemnda vedtek å sette ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med identitetsbygging og samspel mellom innbyggjarane i kommunane i utviklinga av lokaldemokratiet. Arbeidsgruppa skal bestå av ein administrativ kulturleiar frå kvar kommune, og tre folkevalde valt av fellesnemnda:

Medlemmer - folkevalde

-
-
-

Personlege varamedlemmer

-
-
-

Utvalet konstituerer seg sjølv og rapporterer jamleg til fellesnemnda. Kulturleiarane vert ansvarlege for sekretariatsarbeidet.

Arbeidsperiode: Desember 2017 til november 2018

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Valnemnda i fellesnemnda kom med følgjande framlegg om medlemmer og personlege varamedlemmer til arbeidsgruppa om lokaldemokrati og identitet.

Framlegg frå Kari-Anne Landro (H) om medlem og varamedlem frå Sund kommune:

Medlem: Kim Dale Eide (AP) Varamedlem: Elizabeth Toft Erichsen (V)

Framlegg frå Marianne Sandahl Bjørøy (AP) om medlem og varamedlem frå Fjell kommune:

Medlem: Tom Georg Indrevik (H) Varamedlem: Andreas Sjalg Unneland (SV)

Framlegg frå Børge Haugetun (TVØ) om medlem og varamedlem frå Øygarden kommune:

Medlem: Silvia Haugland (TVØ) Varamedlem: Aud Karin Oen (SV)

Innstillinga, med valnemnda sitt framlegg til medlemmer og varamedlemmer, vart deretter samrøystes vedteken

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Fellesnemnda vedtek å sette ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med identitetsbygging og samspel mellom innbyggjarane i kommunane i utviklinga av lokaldemokratiet. Arbeidsgruppa skal bestå av ein administrativ kulturleiar frå kvar kommune, og tre folkevalde valt av fellesnemnda:

Medlemmer - folkevalde

- Kim Dale Eide (AP)
- Tom Georg Indrevik (H)
- Silvia Haugland (TVØ)

Personlege varamedlemmer

- Elizabeth Toft Erichsen (V)
- Andreas Sjalg Unneland (SV)
- Aud Karin Oen (SV)

Utvalet konstituerer seg sjølv og rapporterer jamleg til fellesnemnda. Kulturleiarane vert ansvarlege for sekretariatsarbeidet.

Arbeidsperiode: Desember 2017 til november 2018

PS 36/17 Ny matrikkel i Nye Øygarden kommune - oppgåver og mandat for arbeidet

Innstilling:

1. Det vert sett i gang eit arbeid med å etablere eit nytt felles system av eigedomsinformasjon/gårdsnummer for Nye Øygarden kommune.
2. Arbeidet skal organiserast og utførast av fagpersonar og –miljø i dei tre kommunane, og i forståing med prosjektleiar for Nye Øygarden kommune og rådmennene i dei tre kommunane.
3. Det vert lagt til grunn følgjande **mandat** for arbeidet:
 - Etablere eir nytt felles system av eigedomsinformasjon/gårdsnummer for Nye Øygarden kommune

- Det nye systemet skal i hovudsak baserast på gjeldande matrikkelinformasjon i Sund, Fjell og Øygarden, men med naudsynte oppdateringar og tilpasningar når det gjeld eigedomsinformasjon, grensar, adressenamn, føresegner og kodar.
- Arbeidet skal gjennomførast i nær kontakt og forståing med Statens Kartverk. Der det er naudsynt med søknader og godkjenningar, skal dette inngå i arbeidet.
- Der gjennomføring av arbeidet føreset eller krev ekstra kostnader, skal dette så tidleg som mogleg avklarast med prosjektleiar for Nye Øygarden kommune, og evt med fellesnemnda.
- Det skal, so tidleg som mogleg i arbeidet, utarbeidast ein plan for gjennomføringa, med oversyn over oppgåver og tidsplan.
- Arbeidet skal vere slutført seinast i løpet av tredje kvartal 2019.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

1. Det vert sett i gang eit arbeid med å etablere eit nytt felles system av eigedomsinformasjon/gårdsnummer for Nye Øygarden kommune.
2. Arbeidet skal organiserast og utførast av fagpersonar og –miljø i dei tre kommunane, og i forståing med prosjektleiar for Nye Øygarden kommune og rådmennene i dei tre kommunane.
3. Det vert lagt til grunn følgjande **mandat** for arbeidet:
 - Etablere eir nytt felles system av eigedomsinformasjon/gårdsnummer for Nye Øygarden kommune
 - Det nye systemet skal i hovudsak baserast på gjeldande matrikkelinformasjon i Sund, Fjell og Øygarden, men med naudsynte oppdateringar og tilpasningar når det gjeld eigedomsinformasjon, grensar, adressenamn, føresegner og kodar.
 - Arbeidet skal gjennomførast i nær kontakt og forståing med Statens Kartverk. Der det er naudsynt med søknader og godkjenningar, skal dette inngå i arbeidet.
 - Der gjennomføring av arbeidet føreset eller krev ekstra kostnader, skal dette så tidleg som mogleg avklarast med prosjektleiar for Nye Øygarden kommune, og evt med fellesnemnda.
 - Det skal, so tidleg som mogleg i arbeidet, utarbeidast ein plan for gjennomføringa, med oversyn over oppgåver og tidsplan.
 - Arbeidet skal vere slutført seinast i løpet av tredje kvartal 2019.

PS 37/17 Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 20.november 2017

Innstilling:

Fellesnemnda tek endringane i milepelsplanen til møte 20.november 2017 til orientering.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Det kom fleire innspel til endringar i milepelsplanen;

Tom Georg Indrevik viste til ymseposten i fellesnemnda sitt møte 2.oktober, der kollektivtransport og vegutbygging vart bedt om å utgreiast i eiga sak og leggjast inn i milepelsplanen, noko som førebels manglar.

I tillegg vart dei peika på at milepelsplanen eventuelt kan koplast opp mot suksesskriteria for samanslåinga; ta med informasjon frå fylkesmannen om at fellesnemnda skal kome med fråsegn til kommunebudsjetta; vurdere å vise alle punkta i matrisa i milepelsplanen i fargar eventuelt seie meir om korleis milepelsplanen er tenkt å fungere.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Fellesnemnda tek endringane i milepelsplanen til møte 20.november 2017 til orientering.

PS 38/17 Møteplan for fellesnemnda og partssamansett utval for 2018

Innstilling:

Fellesnemnda godkjenner møteplan for fellesnemnda og partssamansett utval for 2018.

Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Det kom innspel om å samle alle utvala og arbeidsgruppene sine møtedatoar i ein felles møteplan for Nye Øygarden kommune, noko prosjektleiar Paul J. Manger tok med seg.

Framlegg frå leiar Kari-Anne Landro om følgjande endring i møteplanen:

Oppsett møte i partssamansett utval tysdag 9.oktober vert flytta til tysdag 2.oktober, grunna haustferie.

Innstillinga vart samrøystes vedteken, saman med framlegget om endra møtedato for partssamansett utval.

Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 20.11.2017:

Fellesnemnda godkjenner møteplan for fellesnemnda og partssamansett utval for 2018, med endra møtedato for partssamansett utval som vist til under handsaminga.



Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll



Innhold

Selskapsformer og alternative organisasjonsformer	4
God folkevalgt styring	7

ANBEFALINGER

1. Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalgte	9
2. Vurdering og valg av selskapsform	9
3. Fysisk skille mellom monopol og konkurransevirkosomhet	10
4. Utarbeidelse av eierskapsmeldinger	11
5. Utarbeidelse og revidering av styringsdokumenter	12
6. Eiermøter	12
7. Eierorganets sammensetning og funksjon	15
8. Gjennomføring av generalforsamlinger og representantskapsmøter	15
9. Sammensetningen av styret	16
10. Valgkomite og styreutnevnelser	16
11. Kjønnsmessig balanse i styrene	17
12. Rutiner for å sikre riktig kompetanse i selskapsstyrene	17
13. Styresammensetning i konsernmodell	17
14. Oppnevning av vararepresentanter	18
15. Habilitetsvurderinger	18
16. Godtgjøring av styrevert	18
17. Registrering av styrevert	20
18. Arbeidsgivertilhørighet i selvstendige rettssubjekter	20
19. Utarbeidelse av etiske retningslinjer	20
20. Særlig om administrasjonssjefens rolle i kommunale foretak	21
21. Utøvelse av tilsyn og kontroll	21

Innledning



KOMMUNER HAR STOR FRIHET til å organisere tjenestene slik de finner det hensiktsmessig enten som del av kommunen som juridisk person eller gjennom etablering av selvstendige rettssubjekter. Når en kommune organiserer tjenesteproduksjonen innenfor kommunen som organisasjon, gjelder de styringssystemer som følger av kommuneloven¹. Kommunestyret har i utgangspunktet all beslutningsmyndighet, og kommunen har en hierarkisk organisasjonsstruktur.

Norske kommuner kan velge å legge deler av virksomheten i egne selskaper. Når deler av virksomheten legges over i egne rettssubjekter som for eksempel aksjeselskaper eller interkommunale selskaper, må styringssystemene følge den aktuelle lovgivningen. Kommunestyrets styring av selskapet må utføres i selskapets eierorgan. Kommunestyret har likevel det overordnede ansvaret for hele kommunens virksomhet, også den som drives av de kommunaleide selskapene.

At virksomheter eller tjenester skilles ut og legges i selskaper innebærer at betingelsene for folkevalgt styring og kontroll endres. Slik disse selskapene er organisert, skal selskapets

ledende organer ha betydelig grad av frihet til å drive virksomheten. Lovfestede bestemmelser og vanlige normer for god selskapsstyring setter grenser for hvor mye kommunene som eier disse selskapene kan og bør involvere seg i selskapenes virksomhet.

Anbefalingene for godt eierskap, god selskapsledelse og god kontroll av kommunale og fylkeskommunale selskaper og foretak begrenser seg til interkommunale selskaper (IKS) og aksjeselskaper (AS) og foretak etter kommunelovens kapittel 11. Kommuner har også anledning til å etablere stiftelser og samvirkeforetak, men disse organisasjonsformene har mindre omfang, og omtales bare kort. Samarbeid etter § 27 i kommuneloven har historisk vært en mye brukt hjemmel for interkommunalt samarbeid. I dag benyttes organisering i henhold til § 27 i liten grad innenfor oppgaver av forretningsmessig karakter, og denne samarbeidsformen omtales derfor ikke nærmere her.

I teksten brukes kommuner om både fylkeskommuner og kommuner

Med vennlig hilsen

LASSE HANSEN
Administrerende direktør

¹ Kommunale foretak (KF) er en del av styringssystemet i kommunen, og er ikke et eget selskap. Anbefalingene er primært tilpasset selskaper. Anvendt på kommunale foretak (KF) må noen av anbefalingene leses med dette forbehold.

Selskapsformer og alternative organisasjonsformer

Det er i hovedsak to muligheter som benyttes av kommunene ved utskilling av virksomhet: Interkommunale selskaper (IKS) og aksjeselskap (AS).

INTERKOMMUNALE SELSKAPER (IKS)

Et interkommunalt selskap etter lov om interkommunale selskaper kan bare opprettes av kommuner, fylkeskommuner eller andre interkommunale selskaper. Deltakerne har samlet sett et ubegrenset ansvar for selskapets forpliktelser². Selskapets eierorgan og øverste myndighet er representantskapet. Deltakerne skal opprette en skriftlig selskapsavtale.

Forvaltningen av selskapet ligger hos styret og daglig leder. Deltakerkommunene utøver eierstyring gjennom sine valgte medlemmer i representantskapet. Hver enkelt deltaker skal ha minst en representant i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett overfor sine medlemmer i representantskapet. Representantskapet velger også styret. Styret skal ha minst tre medlemmer, og omfattes av kravet om balansert kjønnsrepresentasjon, det vil si minimum 40 % av hvert kjønn. Daglig leder eller medlemmer av representantskapet kan ikke være medlem av styret.

Representantskapet som eierorgan utøver kontroll over styret på flere måter:

- bestemmer sammensetningen av styret


- kan instruere styret og omgjøre beslutninger
- kan gjennom selskapsavtalen fastslå at nærmere angitte saker må godkjennes i representantskapet

AKSJESELSKAP

Et aksjeselskap kan eies av en kommune eller fylkeskommune alene, sammen med andre kommuner og fylkeskommuner eller sammen med private rettssubjekter. I et AS har eierne begrenset økonomisk risiko for selskapets økonomiske forpliktelser. Selskapets øverste eierorgan er generalforsamlingen.

Gjennom generalforsamlingen, utøver eierne den øverste myndigheten i selskapet. Her kan eierne gjennom vedtekter, instruksjer og andre generalforsamlingsvedtak fastsette rammer og gi nærmere regler for styret og daglig leder. Det er generalforsamlingen som velger styret. Selskapet ledes av styret og daglig leder. Styret har det overordnede ansvaret for at selskapet drives i samsvar med eiernes formål og innenfor rammen av lowerket. Styret har også en viktig funksjon for å sikre strategisk planlegging for selskapet. Daglig leder skal forholde seg til de pålegg og retningslinjer som styret har gitt.

² KMD sendte i november 2014 forslag til endringer i lov om interkommunale selskap ut på høring. Høringsnotatet inneholder forslag om at IKS-lovens ansvarsregler erstattes av nye regler om begrenset deltakeransvar. Forslaget er pr november 2014 fortsatt under behandling.



Kommunene har også anledning til å velge noen andre organisasjonsformer.

KOMMUNALT FORETAK

Når kommunen ønsker å gi en virksomhet en noe mer selvstendig stilling enn det som gjelder i den tradisjonelle etatsmodellen, kan det etableres et kommunalt foretak etter kommunelovens kapittel 11. Foretaket er ikke en egen juridisk person, men del av kommunen som rettssubjekt. Kommunen er part i alle avtaler og hefter for foretakets forpliktelser. I motsetning til utskilling ved bruk av aksjeloven og lov om interkommunale selskaper, vil de ansatte fortsatt ha kommunen som arbeidsgiver. Foretaket ledes av et styre, som er utpekt direkte av kommunestyret. Daglig leder står i linje under styret, som igjen er underlagt kommunestyret. Foretakene er på denne måten direkte underlagt kommunestyrets budsjettmyndighet. Rådmannen har ikke instruksjons- eller omgjøringmyndighet overfor foretakets daglige leder³.

SAMVIRKEFORETAK


Kommuner kan også delta i samvirkeforetak. Et samvirkeforetak er ikke et selskap.

Samvirkeforetak har medlemmer, men ikke eiere, og styres av de som handler med foretaket og som dermed har direkte nytte av den virksomhet som drives. Samvirkeforetak har ikke fritt omsettelige eierandeler og kan følgelig ikke kjøpes opp. På årsmøtet – samvirkets øverste organ – fattes beslutninger som hovedregel ut fra prinsippet om ett medlem, én stemme. Det er lov om samvirkeforetak (samvirkelova) av 29. juni 2007 nr. 81 som regulerer denne organisasjonsformen.

STIFTELSE

Kommuner og fylkeskommuner kan også opprette stiftelser. En stiftelse er et selvstendig rettssubjekt. Som stifter av en stiftelse kan kommunen verken utøve styring over stiftelsens virksomhet eller gjøre krav på andel i stiftelsens overskudd (ta utbytte). Stifterne kan ikke løse opp stiftelsen. Stiftelse er bare en hensiktsmessig organisasjonsform der det er ønske om å gjøre virksomheten helt uavhengig av kommunen. Det er lov om stiftelser (stiftelsesloven) av 15. juni 2001 nr. 59 som regulerer denne organisasjonsformen.

ALTERNATIVE ORGANISASJONSMODELLER



Økende grad av selvstendighet

³ Det er et unntak fra hovedregelen om at administrasjonssjefen ikke har instruksjonsmyndighet overfor daglig leder. Etter kommuneloven § 72 nr 1 kan administrasjonssjefen instruere daglig leder om at iverksettelsen av en sak skal utsettes til kommunestyret har behandlet saken.

God folkevalgt styring

Selv om deler av virksomheten er lagt ut i et selskap, har kommunestyret det overordnede ansvaret. Det er derfor viktig å opprettholde god folkevalgt styring.

God folkevalgt styring defineres gjerne gjennom fire standarder⁴:

- **PÅLITELIG STYRE** preges av likebehandling, politisk redelighet og respekt for spilleregler. Denne standarden berører kommunepolitikkenes allmenne omdømme. Det handler om innbyggernes tillit til at de behandles likt i de kommunale beslutningsprosessene.
- **ANSVARLIG STYRE** fremmer oversiktlig politikk og informerte innbyggere som grunnlag for deres kontroll med de folkevalgte. Et ansvarlig styre skal sørge for at innbyggerne har tilstrekkelig informasjon til å følge med i politikken og stille de styrende til ansvar.
- **BORGERNÆRT STYRE** stimulerer innbyggernes interesse for og engasjement i lokalpolitikken gjennom høringskanaler og muligheter for debatt og deltakelse. Ved borgernært styre er det etablert kanaler for innbyggermedvirkning i beslutningsprosessene, også i prosesser der det ikke er lovpålagt.
- **EFFEKTIVT STYRE:** Folkevalgte har god styring, og leverer resultater. Et effektivt styre kjennetegnes bl.a. ved ryddige forhold i den

politiske styringen av administrasjonen og at kommunen leverer resultater innbyggere og folkevalgte er tilfreds med.



Forskning⁵ viser videre at administrasjonen har en viktig støttefunksjon for at de folkevalgte skal kunne ivareta sine roller på en god måte.

For at de folkevalgte skal kunne påvirke og styre selskapene i tråd med de formål som er satt, er det viktig å være bevisst de mulighetene som finnes i å styrke kunnskapen og oppmerksomheten rundt eierskapspolitikken blant et bredt utvalg av de folkevalgte, og at den gis en bred og helhetlig politisk prosess. Et grep for å sikre dette, kan være å forankre eierskapspolitikken i kommuneplanen.



⁴ Baldersheim og Rose 2011

⁵ NIBR-rapport 2015:1 Kommunale selskaper og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap






”

Avhengig av selskapets formål,
anbefales det som en hovedregel
at kommunestyret oppnevner
sentrale folkevalgte som selskapets
eierrepresentanter i eierorganet.







Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.

perioden utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret. Det anbefales at planen angir hvilke eierinteresser og selskaper som vil kunne være aktuelle for kontroll, og i hvilken grad det er aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon. Med utgangspunkt i planen skal kontrollutvalget avgi rapport til kommunestyret om gjennomførte kontroller samt resultatene av disse.

Det anbefales at kommunestyret innenfor rammen av kommunelovens bestemmelser fastsetter regler og etablerer rutiner for selskapskontrollen, herunder hvilke dokumenter som uoppfordret skal sendes kontrollutvalget med angivelse av hvem denne plikten påhviler.


De kommunale foretakene er en del av kommunen som juridisk person og faller inn under kontrollutvalgets generelle ansvar for å påse at kommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte, og at det utføres forvaltningsrevisjon av den kommunale virksomheten i samsvar med kommunelovens bestemmelser. Det anbefales at de kommunale foretakene blir viet

oppmerksomhet når plan for forvaltningsrevisjon av kommunens virksomhet utarbeides og vedtas av kommunestyret.

I note til årsregnskapet skal kommunen opplyse om hvordan den samlede virksomheten i kommunen er organisert. Blant annet skal det opplyses om kommunen har opprettet kommunale foretak, er deltaker i interkommunalt samarbeid eller deltaker i interkommunale selskaper eller har eierinteresser i aksjeselskaper. Dette bør ligge lett tilgjengelig for de folkevalgte og innbyggerne.

For at kontrollutvalget skal kunne ivareta sine tilsyns- og kontrolloppgaver i selskaper, gir kommuneloven § 80 kontrollutvalget en vidtgående rett til opplysninger og innsyn i selskaper som kommunen i sin helhet eier alene eller sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner. I kommuner med flere eiere bør eierne koordinere sin kontrollvirksomhet, slik at ikke mange eiere iverksetter kontrolltiltak uten å koordinere dette med de andre. Det bør derfor være en dialog mellom eierkommunene om hvordan en skal drive selskapskontrollen med selskaper der flere kommuner er eiere.

Kontrollutvalgets oppgave i forbindelse med selskapskontroll er todelt; en obligatorisk del som benevnes eierskapskontroll og en frivillig del som kan omfatte forvaltningsrevisjon. Eierskapskontroll innebærer en vurdering av eierskapsutøvelsen og forhold knyttet til rapportering og informasjonsflyt fra et eierperspektiv. Det er opp til kommunestyret å avgjøre om selskapskontrollen også skal omfatte forvaltningsrevisjon som innebærer systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut i fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger.



KS
Postadresse: Postboks 1378 Vika, 0114 Oslo
Besøksadresse: Haakon VII's gt. 9, 0161 Oslo

Telefon: 24 13 26 00

ks@ks.no
www.ks.no



SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
.....	Politiskutval for eigarskap (PUE)	29.11.2017

Samandraging av selskapsstrukturen – eit døme på forenkling

Samandrag av saka:

Det vert synt til rapporten som vart lagt fram for førebuande fellesnemnd i april 2017. Prosjektleiari vil med denne saka prøva å synleggjera omfanget av og behovet for samanslåingar. Der alle tre kommunar til dømes har eit likt eigarskap, vert dette redusert til eit. I saka vert dette gjort nærare greie for.

Innstilling:

Fellesnemnda tek framstilling til orientering.


Straume, den 23.11.2017

Paul J. Manger
prosjektleiari

Dokument vedlagt saka:

Saksopplysningar:

Figuren under syner ulike selskapsformer etter aukande grad av sjølvstende.



Kartlegginga visar at dei tre kommunane nyttar desse selskapsformene:

- Aksjeselskap (AS)
- Interkommunal selskap (IKS)
- Kommunale føretak (KF)
- Interkommunale samarbeid
- Samvirkeføretak (SA)
- Stifting

Tabell 1 syner tall på selskap innan kvar selskapsform.

Selskapsform	Fjell	Sund	Øygarden
Aksjeselskap	8	7	9
Interkommunale selskap	5	5	3
Kommunalt føretak	0	1	0
Interkommunalt samarbeid	6	7	7
Stifting	5	6	3
Samvirkeføretak	2	1	2
Andre	8	7	11
TOTALT	34	34	35

Totalt syner figuren at dei tre kommunane hhv har 34,34 og-35 eigarskaps- og interessekonstellasjonar – til saman 103. Om me ser før oss alle «samsvarande selskap» vil porteføljen kunna reduserast med nesten to tredjedelar.

Aksjeselskap

Fjell	Sund	Øygarden
Bergen og Omland Hamn AS	Bergen og Omland Hamn AS	Bergen og Omland Hamn AS
BKK AS	BKK AS	BKK AS
Gode Sirklar AS	Gode Sirklar AS	Gode Sirklar AS
Trigger Jobb AS	Trigger Jobb AS	Trigger Jobb AS
Sambandet Sotra Øygarden Bergen AS	Norsk Bane AS	Naturgassparken Vest AS
Fjellvar AS: Fjell Vatn Avløp og Renovasjon AS	Sund Vatn og Avlaup AS	Scalpro AS
Sambygg AS	BIR AS	TIDE ASA
Straume Idrettspark AS		CCB Kollsnes AS

Syner til tabellen over. Her har dei tre kommunane samanfallande eigarskap i fire selskap. Desse eigarlutane kan enkelt slåast saman og bli representert av ein eigar (Nye Øygarden kommune- NØK):

1. Bergen og Omland Hamn AS
2. BKK AS
3. Gode Sirklar AS
4. Trigger Jobb AS

Øygarden kommunestyre har nyleg vedteke å søkja samarbeid med Fjellvar AS. Eit nytt felles VAR-selskap for den nye kommunen kan synes nærliggjande der Fjellvar AS og Sund VA vert slege saman. Kva skjer med Sund sin eigarskap i BIR AS?

5. Nye Øygarden kommune- VAR AS (Øyvar-var AS ?)

Så er det spørsmål kva ein gjer med resten av selskapa. Ein kan oppretthalde eigarskapen i NØK, selja seg ut eller omdefinera omfang og vilkår.

6. Scalpro AS (Øygarden)
7. Sambandet Sotra- Øygarden- Bergen AS (Fjell)
8. Norsk Bane AS (Sund)
9. Naturgassparken Vest As (Øygarden)
10. Sambygg AS (Fjell)
11. TIDE ASA (Øygarden)
12. Straume Idrettspark AS (Fjell)
13. CCB Kollsnes AS (Øygarden)

Interkommunale selskap IKS

Fjell	Sund	Øygarden
Bergen og Omland Havnevesen	Bergen og Omland Havnevesen	Bergen og Omland Havnevesen
Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS	Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS	Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS
Sotra og Øygarden Brannvesen IKS	Sotra og Øygarden Brannvesen IKS	Sotra og Øygarden Brannvesen IKS
Sotra Brannvern IKS (vert avvikla)	Sotra Brannvern IKS (vert avvikla)	
Driftassistansen i Hordaland - Vann og Avløp IKS	Driftassistansen i Hordaland - Vann og Avløp IKS	

Alle desse kan enkelt overdragast og bli representert av ein eigar-NØK. (Det er alt gjort avtale om Sotra og Øygarden Brannvesen IKS og vidare nedlegging av Sotra Brannvern IKS)

14. Bergen og Omland Havnevesen
15. Interkommunalt Arkiv IKS
16. Sotra og Øygarden Brannvesen IKS (Nye Øygarden kommune Brannvesen IKS)
17. Driftsassistansen i Hordaland – Vann og Avløp IKS

Kommunale føretak (KF)

Her har me berre eit kommunalt føretak: Sund Eigedomsutvikling KF. Det må drøftast kva slags form og tilknytning dette skal få i Nye Øygarden kommune knytt opp til modell for eigedomsforvaltning i NØK.

Interkommunalt samarbeid (§ 27 i kommunelova)

Fjell	Sund	Øygarden
Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen og Omland Friluftsråd	Bergen og Omland Friluftsråd
Etablerersenteret	Etablerersenteret	Etablerersenteret
Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor	Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor	Fjell, Sund og Øygarden kemnerkontor
IUA Bergen	IUA Bergen	IUA Bergen
Sotra legevakt: Fjell kommune helse	Sotra legevakt: Fjell kommune helse	Sotra legevakt: Fjell kommune helse
Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval	Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval	Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval
Gründerparken Vest	Gründerparken Vest	Gründerparken Vest
	Invest In Bergen	Invest In Bergen

Nokre held fram som interkommunale samarbeid, medan andre blir reine kommunale tenestoområde /interesseområde. Det vert ikkje behov for klagenemnd til interkommunalt kemnerutval lenger (utval som skal ivareta samarbeidsavtalen og handsama evt klager).

18. Bergen og Omland Friluftsråd (interkommunalt samarbeid)
19. Etablerersenteret (kommunal teneste i NØK)
20. Nye Øygarden kommune kemnerkontor (kommunal teneste i NØK)
21. Nye Øygarden kommune legevakt – kommune helse (kommunal teneste i NØK)
22. Gründerparken Vest (kommunal teneste i NØK)
23. Invest in Bergen (interkommunalt samarbeid)

Stiftingar

Fjell	Sund	Øygarden
Stiftinga Museum Vest	Stiftinga Museum Vest	Stiftinga Museum Vest
Stiftinga Kystsogevakene	Stiftinga Kystsogevakene	Stiftinga Kystsogevakene
Fjell Bustadstifting	Stiftinga Johannes Kleppevik Sitt Minnefond	Kystmuseet i Øygarden
Roald Tellnes Kunstsamling (under utvikling)	Stiftinga Marstein Fyr	
Stiftinga Fjell Festning	Stiftinga Nordsjøfartsmuseet I Tælavåg	
	Stiftinga Trellevik Kystkultursenter	

Stiftingar har ingen «eigar» . Per definisjon styrer deg seg sjølve. Men kommunestyret skal godkjenna vedtekter for stiftingar der kommunen er med på å oppretta stiftinga. Dei tre kommunane har representasjon i desse to stiftingane.

- 24. Stiftinga Museum Vest
- 25. Stiftinga Kystsovevekene

I tillegg er det oppretta 7 stiftingar i dei tre kommunane der ei er under avvikling (Roald Tellnes Kunstsamling). Det er fremja ønskje frå PUE om å sjå nærare på Fjell bustadstifting. Alle dei andre stiftingane nedanfor blir «verande» i Nye Øygarden kommune? Vedtektene for kommunal representasjon må vurderast nærare.

- 26. Fjell bustadstifting (Fjell)
- 27. Stiftinga Johannes Kleppevik sitt Minnefond (Sund)
- 28. Kystmuseet i Øygarden (Øygarden)
- 29. Stiftinga Marsteinen Fyr (Sund)
- 30. Stiftinga Fjell Festning (Fjell)
- 31. Stiftinga Nordsjøfartsmuseet i Telavåg (Sund)
- 32. Stiftinga Trellevik Kystkultursenter (Sund)

Samvirke

Det er lov om samvirkeføretak (samvirkelova) av 29. juni 2007 nr. 81 som regulerer denne organisasjonsforma.

Fjell	Sund	Øygarden
Biblioteksentralen SA	Biblioteksentralen SA	Biblioteksentralen SA
Gjerdet Kulturminnegard SA		Øygarden Samfunnshus SA*

*Øygarden kommunestyre har gjort vedtak om å overta bygget Øygarden Kulturhus frå 01.01.2018 og Øygarden Samfunnshus SA vert då nedlagt.

- 33. Biblioteksentralen SA
- 34. Gjerdet Kulturminnegard SA

Anna

Under punkt 2.7 i omtalte rapport til førebuande fellesnemnd finn me mellom anna omtalt medlemskap til Pensjonskasse og Felleskyrkjeleg råd. Desse spørsmåla skal ikkje PUE drøfta. Dei andre omtalane av nettverk, råd og interesseorganisasjonar lar me førebels liggja.

Oppsummering

Etter denne gjennomgåinga, som berre er meint som ei oppstilling og forenkling for å gje betre oversyn, kan godt over 100 ulike eigar- og interessekonstellasjonar reduserast til 34 og kanskje færre. Hovudjobben i første omgang vert å få gjort gode vurderingar for aksjeselskapa og Fjell bustadstifting.

Vurdering:

Gjennomgangen syner at dei tre kommunane har samsvarande eigarskap/medlemskap i dei same 15-16 selskapa/interkommunale samarbeida. Desse kan enkelt «overtakast» av NØK og bli til «eitt». Vedtekter og styreinformaasjon treng tilpassast og justerast.

Så har kommunane kvar for seg eigne aksjeselskap, stiftingar m.m. Her ligg utfordringane og som alt bestemt skal me først gå i gong med VAR-området og Fjell bustadstifting.



SAKSDOKUMENT

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
.....	Politisk utval for eigarskap (PUE)	29.11.2017

SWOT- analyse som arbeidsreiskap

Samandrag av saka:

Utvalseleiar ønskjer å ta i bruk SWOT-analyse som ein reiskap for å sortera og prioritera ulike selskapsformer. Dette vert drøfta og teke stilling til i møtet.

Innstilling:

POE diskuterer og tek stilling til ein vil bruka SWOT-analyse i det vidare arbeidet.

Straume, den 23.10.2017

Paul J. Manger
prosjektleiar

Dokument vedlagt saka:

- Ulike SWOT-skjema knytt til alternative selskapsformer (ligg berre eit skjema ved saka)

Saksopplysningar:

Kva er ein SWOT-analyse? **SWOT-analyse** er ein analyse som vert nytta ved strategisk planlegging eller kartlegging av ein organisasjon eller ei bedrift sine eigne sterke og svake sider, samt identifisering av eventuelle problem og moglegheiter som kan påvirka utvikling. På engelsk står SWOT for *strengths* (styrkar), *weaknesses* (svakheiter), *opportunities* (moglegheiter), og *threats* (trugslar). Analyseformen kan også brukast i mange andre sammenhengar.

Vurdering:

Utvalsleiar tenkjer at utvalet ved å bruka denne metoden kan få større innsikt og kunnskap som i neste omgang kan gjera vegvala enklare. Dette kan vera praktiske øvingar i dette og fleire møte framover.

Utvalsleiar har sett opp fire ulike konstellasjonar i eit SWOT-skjema:

- SWOT-analyse eigedomsforvaltning – som AS
- SWOT-analyse eigedomsforvaltning som KF
- SWOT-analyse VAR som AS
- SWOT-analyse VAR som KF

Analysane kan utførast av utvalet sjølve i møte. Med denne metoden vil kanskje dei ulike alternativa utkrystallisera seg og hjelpa utvalet med å fatta gode avgjerder.

SWOT Analyse

Analyse av: Området for eigedomsforvaltning i Nye Øygarden kommune

Utgangspunkt: Eigedomsforvaltning i eit selskap

Selskapsform: AS

Nøkkelpunkt

- Fordeler med bedrifta
- Evner
- Konkurransfordelar
- Unike eigenskaper for sal
- Ressursar, menneske og eigendelar
- Erfaring, kunnskap, data
- Finansielle ressursar, moglegheit for overskot
- Marnadsføring – distribusjon, merksemd og posisjon
- Innovative aspekt
- Plassering og geografi
- Pris, verdi, kvantitet
- Kvalifikasjonar og sertifiseringar
- Prosessar, system, IT, kommunikasjon
- Kultur, haldningar, framferd
- Leiing, vidareføring, styre
- Filosofi og verdiar

Styrkar

+

Svakheiter

-

Nøkkelpunkt

- Bakdelar med bedrifta
- Manglande evner
- Manglande konkurransfordelar
- Rykte, å vera tilstades og evne til å nå marknaden
- Finansar og økonomi
- Eigne kjente svakheiter
- Tidsskjema, deadlines og krav
- Kontantstraum, manglande omløpsmidlar ved oppstart
- Kontinuitet, svakheiter i leverandørkjeda
- Svakheiter i kjerneverksemda; manglande ressursar
- Måløppnåing og tidsplanar
- Uthaldenheit i moral og leiing
- Manglande sertifiseringar og kvalifikasjonar
- Prosessar, system, IT
- Leiing

Nøkkelpunkt

- Marnadsutvikling
- Svakheiter hos konkurrentar
- Marknads- og livsstiltrendar
- Teknologisk utvikling og innovasjon
- Global påverknad
- Nye marknader
- Nisjemarknad
- Geografi, eksport, import
- Unike eigenskapar for sal
- Taktikk: overrasking, store kontrakter
- Forretnings- og produktutvikling
- Informasjon og forskning
- Partnerskap, agentar, distribusjon
- Volum, produksjon, økonomi
- Sesong, ver, motetrendar og andre trendar i marknaden

Moglegheiter

↑

Trugslar

↓

Nøkkelpunkt

- Politiske effektar
- Lovar og reglar
- Miljømessige effektar
- IT utvikling
- Konkurrentar og deira intensjonar
- Marknadsutvikling- og krav
- Ny teknologi, tenester og idéar
- Viktige kontraktar og partnarar
- Oppretthalding av intern kapasitet
- Takling av hindringar
- Uoverstigelege hindringar
- Mista nøkkelpersonell
- Tilstrekkelig finansiell støtte
- Økonomi, nasjonalt og internasjonalt
- Sesong, vereffektar



NYE ØYGARDEN
KOMMUNE

Forslag til eigarskaps struktur

Rapport frå Utval for Eigarskapstruktur



1 Innhold

1.	Bakgrunn og føremål	Feil! Bokmerke er ikke definert.
2	Medlemmer	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3	Mandat	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4	Oppsummering	Feil! Bokmerke er ikke definert.
5	Innleiande vurderingar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6	Selskapsoversikt	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6.1	Selskapsoversikts tabell	Feil! Bokmerke er ikke definert.
7	Aksjeselskap (AS)	Feil! Bokmerke er ikke definert.
7.1	Oversikt, vurderingar og begrunnelse	Feil! Bokmerke er ikke definert.
7.2	Utfyllande kommentarar:	Feil! Bokmerke er ikke definert.
7.2.1	Bergen og Omland Havn:	Feil! Bokmerke er ikke definert.
7.2.2	BKK AS:	Feil! Bokmerke er ikke definert.
7.2.3	Gode Sirklar AS:	Feil! Bokmerke er ikke definert.
8	Interkommunale selskap (IKS)	Feil! Bokmerke er ikke definert.
8.1	Oversikt og vurderingar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
8.2	Utfyllande kommentarar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
8.2.1	Bergen og Omland Havnevesen	Feil! Bokmerke er ikke definert.
8.2.2	Interkommunalt arkiv i Hordaland	Feil! Bokmerke er ikke definert.
8.2.3	Øygarden Brann og Redning IKS	Feil! Bokmerke er ikke definert.
8.2.4	Driftsassistansen i Hordaland vann og avløp	Feil! Bokmerke er ikke definert.
9	Kommunale føretak	Feil! Bokmerke er ikke definert.
9.1	Oversikt og vurderingar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
9.2	Utfyllande kommentarar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
9.2.1	Sund Eigedomsutvikling	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10	Interkommunalt samarbeid	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10.1	Oversikt og vurderingar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10.2	Utfyllande kommentarar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10.2.1	Bergen og Omland friluftsråd	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10.2.2	Etablerersenteret	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10.2.3	Fjell og Sund kemnerkontor	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10.2.4	IUA Bergen	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10.2.5	Sotra legevakt	Feil! Bokmerke er ikke definert.

10.2.6	Klagenemnd til interkommunalt kemnerutval	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10.2.7	Grunderparken Vest	Feil! Bokmerke er ikke definert.
10.2.8	Invest In Bergen	Feil! Bokmerke er ikke definert.
11	Stifting	Feil! Bokmerke er ikke definert.
11.1	Oversikt og vurderingar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
11.2	Utfyllande kommentarer	Feil! Bokmerke er ikke definert.
11.2.1	Stiftinga Museum Vest	Feil! Bokmerke er ikke definert.
12	Samvirke (SA).....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
12.1	Oversikt og vurderingar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
12.2	Utfyllande kommentarer	Feil! Bokmerke er ikke definert.
12.2.1	Biblioteksentralen	Feil! Bokmerke er ikke definert.
12.2.2	Gjerdet kulturminne gard.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
13	Pensjonskasse, Råd, Interesseorganisasjonar, Nettverk	Feil! Bokmerke er ikke definert.
13.1	Oversikt og vurderingar	Feil! Bokmerke er ikke definert.
14	Oppsummering og konklusjoner	Feil! Bokmerke er ikke definert.